HELSE FØRDE

# Verksemdsrapport psykisk helsevern

**Månad**: april 2022

---

## AKTIVITET

| Psykisk helsevern | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor |
| **Psykisk helsevern vaksne** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 1 402 | 1 609 | -207 | 1 574 | -172 | 6 064 | 6 491 | -427 | 5 842 | 222 |
| Tal utskrivne pasientar | 72 | 90 | -18 | 78 | -6 | 327 | 353 | -26 | 315 | 12 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 791 | 2 229 | -438 | 1 810 | -19 | 8 420 | 10 071 | -1 651 | 7 842 | 578 |
| **Rus** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 585 | 614 | -29 | 618 | -33 | 2 044 | 2 424 | -380 | 2 205 | -161 |
| Tal utskrivne pasientar | 14 | 17 | -3 | 16 | -2 | 57 | 81 | -24 | 66 | -9 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 210 | 251 | -41 | 195 | 15 | 889 | 1 189 | -300 | 913 | -24 |
| **Psykisk helsevern barn og unge** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald UPH | 108 | 122 | -14 | 93 | 15 | 529 | 487 | 42 | 403 | 126 |
| Tal utskrivne pasientar UPH | 9 | 7 | 2 | 9 | 0 | 42 | 30 | 12 | 28 | 14 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 475 | 1 499 | -24 | 1 573 | -98 | 6 734 | 7 181 | -447 | 6 635 | 99 |

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore låg i perioden, også lågare enn same periode i fjor. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore høgare enn dei første månadene i året. Akkumulert er tal døgnopphald litt lågare enn førre året, medan poliklinisk aktivitet er litt høgare enn i fjor.

### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore om lag som plan. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

### Beleggsprosent døgnseksjonar

**Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, april 2022, klokka 7**

| Institusjon | Klinikk | Post | Siste 12 mnd | I vald periode | Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd | Pasient på korridor |
|---|---|---|---|---|---|---|
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Akutt Døgn, Psyk.Førde | 70 % | 63 % | -7 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS Allmenn Førde | 77 % | 68 % | -9 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS psykose Førde | 91 % | 99 % | 8 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | ISP Døgn | 63 % | 62 % | -1 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Lokal tryggleikspost Førde | 100 % | 100 % | 0 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Døgn | 78 % | 87 % | 10 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Rus | 55 % | 58 % | 3 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ruspost Tronvik | 77 % | 76 % | -1 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ungdomspost for psyk.helsevern | 72 % | 60 % | -12 % | 0 |
| **Totalt** | | | **73 %** | **72 %** | **-1 %** | **0** |

## ØKONOMI

| Artskonto | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil |
|---|---|---|---|---|---|---|
| ⊞ ISF inntekter | 2 658 | 2 884 | -226 | 11 862 | 13 536 | -1 675 |
| ⊞ Gjestepasient inntekter | 963 | 554 | 409 | 3 220 | 2 214 | 1 006 |
| ⊞ Poliklinikk og andre pasientinntekter | 720 | 786 | -65 | 3 205 | 3 141 | 64 |
| ⊟ Pasientrelatert inntekt | 4 341 | 4 223 | 118 | 18 287 | 18 891 | -605 |
| ⊞ Basistilskudd | 38 807 | 38 349 | 458 | 152 725 | 151 406 | 1 319 |
| ⊞ Andre inntekter | 478 | 321 | 156 | 1 709 | 1 466 | 244 |
| ⊟ Sum Driftsinntekter | 43 626 | 42 894 | 732 | 172 721 | 171 763 | 958 |
| ⊞ Varekostnader og Helsetjenester | -1 260 | -1 181 | -79 | -5 233 | -4 881 | -352 |
| ⊞ Lønn- og personalkostnader | -38 384 | -37 814 | -570 | -154 474 | -151 304 | -3 170 |
| ⊞ Øvrige kostnader | -4 045 | -3 899 | -146 | -16 502 | -15 578 | -924 |
| ⊟ Sum Driftskostnad | -43 689 | -42 894 | -795 | -176 210 | -171 763 | -4 447 |
| ⊟ Driftsresultat | -63 | 0 | -63 | -3 489 | 0 | -3 489 |
| ⊟ Totalresultat | -63 | 0 | -63 | -3 489 | 0 | -3 489 |

**Denne perioden:**
Totale inntekter i perioden er 0,7 mill. høgare enn budsjett. Meirinntekt knytt til basistilskot skuldast at vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet i 2022. Dette vil vere med å forklare delar av meirkostnaden knytt til løn. Vi har avvik på ISF-inntekter som hovudsakleg skuldast at omlegging av refusjonssystemet gir oss mindre betalt for aktiviteten til PBU enn tidlegare år. Inntekter knytt til pasientar frå andre fylke har vore vesentleg høgare enn normalt i perioden. Dette er hovudsakleg relatert til døgnopphald.

Personalkostnadene er 0,5 mill. høgare enn budsjett i perioden, og reisekostnader er 0,05 mill. høgare. Vi har utfordring med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 0,1 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå.

Sum driftskostnader i perioden er 0,8 mill. over budsjett. Bokført resultat er 0,05 mill. under budsjett.

**Til no i år:**
Bokførte inntekter er 1,0 mill. høgare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 4,5 mill. over budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla vore 0,3 mill. høgare enn budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 3,6 mill. høgare enn budsjettert, medan reisekostnader er 0,2 mill. lågare.

Resultatet hittil i år er 3,5 mill. svakare enn budsjett.

## MEDARBEIDARAR

## Månadsverk:




| | 202102 | 202103 | 202104 | 202105 | 202106 | 202107 | 202108 | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 | 202204 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto månadsverk | 441 | 447 | 453 | 464 | 485 | 548 | 490 | 449 | 461 | 465 | 470 | 460 | 460 | 472 | 468 |
| Netto månadsverk | 408 | 416 | 423 | 436 | 432 | 433 | 425 | 426 | 436 | 444 | 444 | 437 | 438 | 449 | 448 |
| Tal tilsette | 602 | 612 | 621 | 637 | 675 | 676 | 637 | 648 | 647 | 655 | 664 | 641 | 652 | 655 | 658 |

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 474. For eitt år sidan var dette talet 446. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingspost i Førde.

## Sjukefråvær:




| | 2019 | 2020 | 2021 | 202102 | 202103 | 202104 | 202105 | 202106 | 202107 | 202108 | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kort tid | 3,6 | 4,2 | 3,8 | 4,1 | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 2,5 | 2,3 | 3,3 | 4,4 | 4,5 | 4,6 | 4,0 | 3,8 | 7,0 | 5,5 |
| Lang tid | 3,9 | 4,1 | 3,6 | 4,5 | 2,8 | 2,9 | 3,2 | 2,9 | 4,5 | 3,8 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 4,0 | 3,8 | 3,1 | 3,2 |
| Total | 7,5 | 8,3 | 7,4 | 8,6 | 6,3 | 6,5 | 6,3 | 5,3 | 6,8 | 7,1 | 7,8 | 7,8 | 8,1 | 8,0 | 7,6 | 10,1 | 8,7 |

Sjukefråværet var 8,7 prosent i mars mot 6,3 prosent same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv månader var 7,5 prosent. For eitt år sidan var talet 8,1 prosent.

# KVALITET

## Epikrise




I mars var 89 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 41 prosent var sende innan ein dag.




I mars var 94 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 44 prosent var sende innan ein dag.

**Korridorpasientar**
Det er ikkje registrert korridorpasientar i april 2021.

**Ventetid for ventande ved slutten av perioden**




Det er 244 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 30 dagar.

I same periode i 2021 var det 235 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar.

**Ventetid der behandling er starta i perioden**




Dei 139 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 39 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2021 var det 163 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 38 dagar før dei fekk starta si behandling.

**Fristbrot**

| Eining med fristbrot | For ventande ved periodeslutt |
|---|---|
| | Pasientar |
| Psykisk Helsevern Barn og Unge | 2 |
| Indre Sogn Psykiatrisenter | 1 |
| Nordfjord Psykiatrisenter | 0 |
| Psykiatrisk klinikk | 0 |

Det har vore eitt fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter og to fristbrot innan psykisk helsevern for born og unge.